

Saksbehandlar: Synnøve Stalheim, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 17/7341-4

## **Regional planstrategi – konsekvensar som følgje av oppstart av førebunde arbeid om regional planstrategi for Vestland fylkeskommune**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Arbeidet med revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter vert starta opp hausten 2018. Oppstart av arbeidet med ein ev. Regional plan for arealbruk vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.
2. Arbeidet med revisjon av ein ev. Regional plan for folkehelse vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.

### **SAKSFRAMSTILLING**

#### **1. Bakgrunn for saka**

Pga. fylkessamanslåinga er det trong for å revidera framdrift av planarbeid i gjeldande planstrategi (2016-2020). I tillegg har fellesnemnda gitt tilråding til fylkestinget om at nemnda får fullmakt til å starte førebunde arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen (FN-sak 17/18). Førebunde arbeid med felles planstrategi for dei to fylka vil krevje betydelege administrative ressursar.

Regional planstrategi er det einaste lovpålagte plandokumentet fylkeskommunen skal utarbeida, jf. plan- og bygningslova §§ 7 - 1 og 7 - 2. Planstrategien skal utarbeidast seinast innan eitt år etter konstituering av nytt fylkesting. Regional planstrategi er hovudverktøyet i fylkeskommunen sitt samfunnsutviklingsarbeid.

I gjeldande planstrategi er det sett føringar for oppstart og framdrift av planarbeida (jf. FT-sak 23/16 og FT-sak 34/17). Vedteken framdriftsplan er vist under:

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Nye planar:</b>					
Regional strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling					
<b>Revidering/rullering av eksisterande planar</b>					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					

Fylkesdelplan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					
Regional plan for verdiskaping					

### **Regional plan for arealbruk**

I vedtaket til fylkestinget (FT sak 34/17) vart det bestemt at dette planarbeidet skulle starte hausten 2018, og at det er behov for ei nærare avklaring når det gjeld føremål, innhald og avgrensing av ein framtidig Regional plan for arealbruk. I samband med vedtak av Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling (FT sak 9/18) vedtok fylkestinget at Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal reviderast i 2018, særleg med sikte på at føresegna ikkje skal vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Slik vi forstår fylkestinget er det planføresegna som skal reviderast, ikkje gjeldande fylkesdelplan for arealbruk (2000). Fylkesrådmannen har tidlegare gitt uttrykk for at dette ikkje er optimal løysing.

Ei endring av planføresegna må sjåast på som ein revisjon av planen når det gjeld etablering av kjøpesentra, og endringa vil utløyse krav om konsekvensutgreiing. Med bakgrunn i dei formelle prosessane etter plan og bygningslova vil arbeidet høgst truleg ta lengre tid enn eit halvt år.

*Fylkesrådmannen rår til at arbeidet med revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter vert starta opp hausten 2018. Arbeidet med oppstart av ein ev. Regional plan for arealbruk vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.*

### **Regional plan for folkehelse**

I Lov om folkehelse §21 står at Fylkeskommunen skal ha nødvendig oversikt over helse-tilstanden i fylket. Folkehelseoversikta skal liggja føre i forkant av regional planstrategi, jf. § 5 i Forskrift om oversikt over folkehelsa, og leggjast til grunn for arbeidet med strategien. Dersom fellesnemnda skal starte opp eit førebuande arbeid om regional planstrategi, inneber dette at administrasjonane i dei to fylka allereie etter sommaren bør starte arbeidet med utarbeiding av felles folkehelseoversikt.

I regional planstrategi er det lagt opp til revisjon av folkehelseplanen i 2019. Det vil vere lite føremålstenleg å starte opp dette arbeidet samtidig med utarbeiding av felles folkehelseoversikt for dei to fylka.

*Fylkesrådmannen rår til at arbeidet med revisjon av ein ev. Regional plan for folkehelse vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.*

### **Regional plan for vassforvaltning**

Det er enno ikkje avklart korleis vassforvaltningsarbeidet vert organisert framover, eller gitt fristar for revisjon av planarbeidet. Revidert vassforskrift er ikkje vedteken, men Klima- og miljødepartementet (KLD) legg opp til at ny vassforskrift skal gjelde frå 1.7.2018. I høyringsutkastet er det føreslått at fylkesmannen får ansvaret og har rolla som regional vasskoordinator. Vidare er det forslag om at planprogram og vesentlege vassforvaltningsspørsmål skal på høyring 1.1.2019. Det er lagt opp til at fylkesmannen skal føreslå endringar i gjeldande vassforvaltningsplan og tiltaksprogram innan 1.1.2020. Miljødirektoratet vil, i samråd med aktuelle direktorat, utarbeide utkast til oppdatert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram og legge dokumenta på høying innan 1.7.2020. KLD ser òg på ny inndeling av vassregionane i forhold til ny fylkesinndeling. Sidan det er uavklart korleis dette ansvarsområdet vert organisert, og framdrift av planarbeidet knytt til ansvarsområdet ikkje er fastsett, vert dette planarbeidet ikkje drøfta nærare no.

*Fylkesrådmannen vil kome tilbake med informasjon om dette når det er fatta vedtak om organisering og framdrift.*

### **Vedtekne planar og planar under utarbeiding**

Vedtekne planar og strategiar, og planar som er under utarbeiding er ikkje kommenterte i saka. Dette sidan fylkessamanslåinga, og førebuande arbeid om regional planstrategi for Vestland fylkeskommune, ikkje har konsekvensar for desse planarbeida.